



Tavla på Korsnes har ein fartsdempe effekt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Køyrer du for fort i riksvegen på Korsnes? I så fall kan du no sjå farten sjølv på fartsvisingstavla som er sett opp like ved buss-stoppestaden.

Tavla er plassert der reint tilfeldig, plasseringa har ingen samanheng med eventuelle observasjonar av at folk køyrer for fort akkurat her, seier Sveinung Bauge i Statens vegvesen til uskedalen.no.

Tavla vil heller ikkje bli ståande der lenge, truleg berre til batterikapasiteten er oppbrukt.

Men det vil etterpå vere mogeleg å henta ut data som viser kor fort folk har køyrt . Og det er ingen tvil om at oppsetting av slike tavler har ein fartsdempe effekt, seier Terje Vidar Hoel ved trafikkstasjonen i Odde.